



Laurdag klokka 15 startar den tradisjonelle bedehusbasaren der inntekten går til det vanlege vedlikehaldet av bedehuset. Inntekta av denne basaren er svært stabil, til dømes var den 28 000 i 2008 og 27 000 i 2011. No er spørsmålet om det kan lukkast å passera 30 000 dette året.

Programmet for basaren er også det tradisjonelle, med sal av årer og lodd. Dette året skal tidlegare kyrkjeverje Arne Lindekleiv halda andakt og det vert sjølvsgat mat og kaffi.

På biletet over sel Ingebjørg Haugland lodd i ein tidlegare basar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen